

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 3/2019

Klagar: Kartverket, jf. § 12 første ledd

Namn: *Strandanipatunnelen* eller *Strandanipetunnelen*

Namnetype: Namn på tunnel

Det påklaga vedtaket gjort av: Hovudutval for samferdsle, jf. § 7 andre ledd

Leiar i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Inge Særheim, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksframstilling

Hovudutvalet for samferdsle i Sogn og Fjordane har gjort vedtak om skrivemåten *Strandanipatunnelen* for namnet på ein tunnel i Selje kommune. Kartverket klaga på vedtaket og ønskte skrivemåten *Strandanipetunnelen*. Kartverket viser til at bestemt ending til vanleg fell bort i samansetjing, jf. namna *Grøtnipa* og *Grøtnipevatnet* i Selje kommune. Saka blei send på ny høyringsrunde, men hovudutvalet stod på vedtaket sitt, og saka er send til klagenemnda.

Nemndas vurderingar


Det vanlege i norsk namnelaging er at bestemt ending fell bort i samansetjing. Kartverket har i klagen sin eit døme på dette i dei tilsvarande namna *Grøtnipa* og *Grøtnipevatnet* i Selje kommune. Nemnda ser ingen grunn til å bryte dette mønsteret i tunnelnamnet, og hovudutvalet legg heller ikkje fram nokre argument for skrivemåten *Strandanipatunnelen*.

Nemnda gjorde slikt einstemmig

VEDTAK:

Tunnelnamnet får skrivemåten **Strandanipetunnelen** i samsvar med vanleg
namnelagingsmønster i norsk.

Oslo, 11. oktober 2019



Marit Halvorsen
leiar i klagenemnda



Line Lysaker Heinesen
sekretær